

# FITJAR KÝRKJEBLAD

Nr 1  
FEBRUAR 2017  
ÅRGANG 40



FITJAR KÝRKJE  
150 ÅR





## DEN NORSKE KYRKJA FITJAR

### Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar  
Telefon: 53 45 85 00  
[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

### Kontortider:

tysdag - torsdag - fredag: kl.10:00 - 14:00  
onsdag kl.12:00 - 15:00

### Kyrkjeverje:

Rydland, Harald 913 47 802  
[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

### Sokneprest:

Oma, Olav J. 906 38 825  
[olom@fitjar.kommune.no](mailto:olom@fitjar.kommune.no)

### Kyrkjelydsprest:

Lydersen, Fríðleif 471 76 743  
[frly@fitjar.kommune.no](mailto:frly@fitjar.kommune.no)

### Kantor:

Overweg, Jan 901 97 069  
[jaov@fitjar.kommune.no](mailto:jaov@fitjar.kommune.no)

### Kyrkjelydspedagog:

Fyllingen, Silje 456 11 480  
[sfyl@fitjar.kommune.no](mailto:sfyl@fitjar.kommune.no)

### Kyrketenor/kyrkjegardsarbeidar:

Skumsnes, Kristian 992 23 972  
Brenne, Birgitte 971 29 569  
[bibr@fitjar.kommune.no](mailto:bibr@fitjar.kommune.no)

### Fellesrådsleiar:

Fitjar, Rasmus 918 24 158

### Soknerådsleiar:

Aadland, Helga Olsen 976 72 489

### Bakken barnehage:

kontor 53 22 26 00  
[bakken.barnehage@haugnett.no](mailto:bakken.barnehage@haugnett.no)

### Gåver til nytt orgel

kontonr. 3520.64.83812

### Gåver til kyrkjelydsprest og kyrkjelydsarbeidet (Skriv om du vil øyremerke gåva)

kontonr. 3546.29.05805

## Redaksjonelt



## Nær menneske, nær Kristus

### Ein visjon for Fitjar kyrkjelyd.

Nær menneske og nær Kristus.

Orda liknar litt på det Grundtvig sa:

«Menneske først, kristen så.»

Olav J. Oma

Gud vil menneske, det fortel bibelen oss frå fyrste side. Den store boka fortel om brot og gjenopprettning. Om synd og soning. Om fortaping og frelse. Om kall og oppbrot. Gud vil menneske.



«Kva driv du med?» Den gamle forteljinga om ein steinhoggar på ein eller annen av dei mange byggplassane i Europa i mellomalderen, han fekk spørsmålet: Kva driv du med? Han hogg til ein stein, forma sider og hjørne, og svarde: «Eg byggjer ein katedral.»

Kva driv du med? Du og eg kan vera med og byggje kyrkja på Fitjar. Korleis kan vi det? Det er berre ein grunn, og det er at Gud er nådig. Han kan og han vil bruka slike menneske som du og eg.

I haust vart alle prestane i Bjørgvin ferdige med Lutherstudiet ved misjonshøgskulen. Og ein av dei tinga som Luther hadde føre seg var at alt ærleg arbeid er ei gudsteneste. Og slik er det at du og eg på vår stad, er med og byggjer fellesskap. Korleis kan vi gjera det? Jo ved å vera nær menneske. Det handlar djupast sett om å vera den du er. Det er nemlig ingen andre som kan vera det. Og vi skal vera det i møte med kvarandre.

Og så er det vissa om at livet også er nær Kristus som gjer at vi kan vera med og byggja kyrkje. Kyrkje tyder, det som hører Herren til.

Byggesteinane er Gudsorda som kyrkja leve av. Orda om nåden, synda og tilgjevinga, død og liv, om jord og himmel.

Du og eg har ein plass i denne kyrkja, fordi du er skapt til å vera den du er, ja, men endå meir på grunn av nåden som Jesus kjem med.

Då får vi vera med og skape ei kyrkje der menneske kjenner at det er godt å koma. Ei kyrkje der det finns hjelpe for hjelpelause, der dei med knust hjarta kan finna trøyst, der fangar blir sett fri, og menneske erfarer at det framleis finst nåde. Her er det rom for meg, slik eg er. Ikkje fordi eg har rett mening, men fordi eg har rett tru. Eg trur på Jesus.

Det å møta Jesus, i bibelorda og fellesskapet, forandrar menneske. Men forandringa er ikkje kriteriet for å være med i dette fellesskapet, forandring får koma i si tid, alle som kjem til kyrkja er velkomne. Slik må det vera i ein kyrkjelyd som ynskjer å vera nær menneske og nær Kristus!



# Kyrkjelydspresten har ordet

Friðleif Lydersen

«Vi har fått eit nytt år med nye moglegheiter. Eg har alt byrja på mitt andre år som kyrkjelydsprest i Fitjar. I år skal vi jubilera heile året til endes fordi Fitjar kyrkje blir 150 år. Den vakre kvite kyrkja har fått nytt galleri og er nymala innvendig. Om kort tid vil det nye orgelet bli teke i bruk. Orgelet skal gje noverande og komande generasjonar gode musikalske opplevelingar i glede og sorg. Den store jobben som er gjort i samband med det nye orglet er rett og slett imponerande, for det er så mange menneske som har jobba, fleire tusen dugnadstimar.

Dei faste tinga som skjer i kyrkjeleg samanheng vil og fortsetta sjølv om det er eit jubileumsår. Gudsteneester, trusopplæring, konfirman-topplæring etc. vil bli gjennomført som vanleg, så med andre ord vil kyrkjelydsarbeidet gå sin gang. Vi vil òg prøve ut nye ting som kan bli til glede og oppbygging i kyrkjelyden.

Bøn er ein viktig del av det kristne arbeidet, og det er viktige deler av gudstenesta. Vi har difor laga eit bønekort som ligg i kyrkja og som også er å finna på heimesida. Bønekortet går frå måndag til sundag, og så byrjar du på nytt att. Kvar vekedag har fire bøneemne. Alle bøneemna har noko med den lokale kyrkjelyden å gjere, enten det er lokale eller globale bøneemne f.eks. ulønna medarbeidare, biskopen, misjonsprosjektet i Mali etc.

TenTreff er eit samarbeid mellom kyrkja og indremisjonen. Tentreff er eit lågterskeltilbod for ungdomar frå og med 8. klasse. I haustr og i januar var det annakvar fredag, men frå og med februar blir det kvar fredag. Vi har andakt, sosialt samvær og forskjellige aktivitetar på programmet. Vi er godt nøgde med oppmøte som viser at det er bruk for tiltaket. Vi jobbar med å utvikla TenTreff enda meir så det blir enda betre enn det er i dag.



Vi har ein samarbeidsplan mellom skulane og kyrkja i Fitjar, som ikkje har vore gjennomført fullt ut dei siste åra. Skulegudstenestene til jul og påske er kanskje dei mest kjende tiltaka i den planen, men det er ein god del andre tiltak i planen. Vi ønskjer no å få gjennomført mest mogleg av tiltaka i denne planen. Vi har alt byrja med eit tiltak som er «Vandring gjennom Bibelen» for 5. klasse. I neste månad skal byrja med eit anna tiltak som er «Omvising i kyrkja med 3. og 4. klasse. Dei som går i 3. og 4. klasse har lært om kyrkjebygget, og dei tinga som ein brukar i gudstenestefeiringa, og om anna som føregår i kyrkja. Dei i 5. klasse har lært om dei lange linjene i Bibelen.

Bedriftsbesøk er noko eg kan tenkja meg å gjere meir av, for det er viktig å møta folk i sin eigen kvardag. Eg får samstundes innsikt i næringsmangfaldet i Fitjar, som kan vere med til å gje meg ei enda betre forståing av lokalsamfunnet.

Den 08. juni blir det diakonitur til Austevoll. Påmelding vil byrja når det nærmar seg påske.

## Fitjar Kyrkjeblad

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

### Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset  
Postboks 10, 5418 Fitjar

### Redaksjon:

Olav J. Oma (red.)  
Friðleif Lydersen  
Karvel Strømme  
Anne Hardeland  
Rolf-Atle Rolfsnes  
Torbjørn Hovland

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

**Frist for innlevering til neste blad er 31. mars til [kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)**

Neste blad kjem etter planen 12. april. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkommen til å senda det til oss.

**Trykk:** Nils Sund Boktrykkeri AS

# Når David slo harpa



**Det var tittelen på temakvelden då Osternes mannskor igjen stilte opp og fylte kyrkja med salmar og tonar dei færreste av oss hadde hørt før. Likevel kom kring 200 menneske for å lytta og sjå!**

Olav J. Oma

Alle salmane var folketonar som Olav Sande hadde samla inn på slutten av 1800-talet, og alle var arrangert for mannskor og solistar av Svein Tørnquist. Ved sida av å ha arrangerat salmane for koret akkompagnerte han dei.

Ole Christian Ottestad kom til Svein med notane for ei god stund sidan og spurde om han ville arrangera dei for koret. Det måtte vera noko koret kunne bryna seg på, sa han. Og det forstod vi at koret verkeleg hadde gjort, dei var skarpe. Det vi fekk høyre denne kvelden var resultatet av eit års arbeid, og det var flott, storslagent og utfordrande. Som då vi under den eine salmen fekk eit glimt inn i kyrkjesong frå 1800-talet, når kvar songar song med sin eigen takt og innleving. Fint, nei, men spennande og eit glimt inn i ei anna tid. Gurid Refvik, sopranen som er unntaket frå regelen om at kvinner ikkje syng i mannskor. Ho er med og set ein ekstra spiss på koret, både som solist eller i sangsong med Martin Hatlevik eller Tom Rydland.

I tillegg let eg meg utfordra av salmeskrivinga frå denne tida. Det er både til ettertanke og morosamt når Elias Blix beskriv gleda over trua som sigrar til sist. Dønn ærleg og likevel truverdig. No har koret sunge i Nysæter og fått gode tilbakemeldingar, dei skal òg til Bømlo. Eg håpar dei tek vare på songane og let oss høyra dei igjen ved seinare høve.

## Du stend med klungeren til kruna

utdrag av folketone - innsamla av Olav Ø. Sande

*Du stend med klungeren til kruna  
blant fiendar med tolugt mod  
og narrekåpa er din bunad  
og ho er farga av ditt blod  
og hatet bryt som hav mot flud  
og du min Herre og min Gud.*

*Så lenge eg på jord skal anda  
og eiga song og ljud i munn  
eg under krossen din vil standa  
og lova deg til siste stund  
og høgt ein gong, i himmelskrud  
eg syng min Herre og min Gud.*



## «Kva er det nest største landet i Sør-Amerika?»



12. januar var det duka for kyrkjequiz, startskotet for ei lang og mangfaldig rekke av arrangement i jubileumsåret for kyrkja vår. Magnar Kloster og Harald Johan Sandvik hadde laga ei oppgåvesamling med mange ulike tema; Lokal og global geografi, musikk, kyrkjekunnskap og diverse lett blanding.

Torbjørn Hovland

«Kor mange salmar har Oskar Stein Bjørlykke i den nye salmeboka?» Deltakarane var delte i 5 lag, og konkurransen vart leia av Birgitte Brenne. I tillegg til hjernetrim vart det servert først eit rikhaldig pizza-bord og deretter kaffi og smågodt. «Frå kva land kom bilmerket EMW?» Etter at siste spørsmålsrunde var opptalt stod laget «Kjøt og flesk» att som vinnarar.

Men etter ein triveleg kveld som dette var det heldigvis ingen som gjekk heim som taparar. «Kva heiter Fitjar sin venskapskommune på Island?» No kan lesarane av kyrkjebladet leita etter svar på dei refererte oppgåvene, og me ventar særleg på svar på dette spørsmålet: «Kva tid vert neste runde med kyrkjequiz?»





# Mykje Luthersk latter



Ryfylke Livsgnist presenterte et skråblikk på 500 år i Luther fotspor som slo godt an i Fitjar.

## Fríðleif Lydersen

Dei er nok ikkje så få som umiddelbart synes at 500 år med kyrkje-



historie høyres keisamt ut. Ryfylkingane gjorde eit slikt tankesett til skamme frå første til siste sekund i førestillinga.

Vi som var møtt fram for å sjå førestillinga fekk ei lærerik og morosam kyrkjhistorisk oppleving. Førestillinga inneheldt mykje spennande historie, fin salmesong og god humor.

Dei viktigaste personane for kristen Noreg sidan reformasjonen blei presenterte, Martin Luther, Petter Dass, Erik Ludvigsen Pontoppidan, Hans Nielsen Hauge o.fl.

I Den evangelisk lutherske kyrkje er salmane ein viktig del av kristen- og kyrkjelivet. Vi fekk høre mellom anna salmar av Luther, Kingo, Dass, Orheim, Bjerkheim o.m.fl.

Kyrkjhistorie ispedd litt humor er fabelaktig. Ei førestilling ein seint kjem til å gløyma.



Alle foto: Torbjørn Hovland



## Kode B

Silje Fyllingen

Måndag 23. januar hadde vi KodeB-dag på bedehuset. Denne flotte gjengen var samla for å lære meir om Bibelen.

Vi høyrte historiar, dramatiserte historiar, leika og åt pølser.



## Tårnagenthelg for 3. klassingar

Laurdag og søndag 11. og 12. mars 2017 vil Fitjar kyrkje invitere 3. klassingane til å vere agentar for å løyse oppdrag og mysterier.

Silje Fyllingen

Fitjar kyrkjelyd inviterer denne helga 8/9-åringar til å vere Tårnagentar i kyrkja. I løpet av helga skal oppdrag og mysterier løysast og kyrkja, tårnet og klokkene utforskast. Tårnagenthelga vert arrangert i 619 kyrkjer i heile landet, og det kan bli så mange som 10 000 tårnagentar.

### Kyrketårnet og andre hemmelege stader....

Kyrketårnet er ein skjult skatt for mange barn. Det har vi lyst å gjere noko med. Barn over heile landet skal klatre opp i kyrketårn denne helga. Mange vil også utforske om det finst andre hemmelege stader i kyrkja, som ein kjellar eller andre skjulte rom.

### Bibelen sine forteljingar

I Bibelen, boka full av løyndomar, finn agentane både agenttips og forteljingar som hjelper dei å løyse oppdraga. Kanskje får forteljingane ringverknadar for både agentane og for andre.

### Ny nettstad for barn

Søndagsskulen har utvikla nettstaden [www.tarnagentene.no](http://www.tarnagentene.no). Her kan barna bli tårnagentar.

Tårnagenthelga er utarbeidd av Den norske kyrkja i samarbeid med Søndagsskulen.



Kontakperson: Silje Fyllingen

Mobil: 456 11 480

E-post: [sfyl@fitjar.kommune.no](mailto:sfyl@fitjar.kommune.no)

Nettside: [www.kyrkja.no/fitjar](http://www.kyrkja.no/fitjar)

# Arbeidet med nytt orgel



- 1 - Lennart Olfsgård tar forsiktig plasten fra ein av dei store fasade pipene. I bakgrunnen ligg hundrevis av store og små orgel piper. Fridleif Lydersen inspirerer. Framme Nils Ingmar Hageberg.
- 2 - Nokre av fasadepipene er komne på plass.



**No er arbeidet med å ferdigstilla det nye orgelet i gang. Før jul kom store deler av orgelet på plass, men vidare arbeid måtte vente til orgelhuset skulle bli malt. Malararbeidet vart gjort i januar månad.**

## Jan Overweg

Det er no, når pipene kjem på plass, at instrumentet får sjel. Ein etter ein blir store og små piper slutt-intonert og stemt. Når alle ca 1360 piper har fått den klangen dei skal ha er orgelet ferdig. Dette blir like spennande for oss som for orgelbyggjarane, som no byrjar å bli ferdig med eit instrument som har oppteke både teiknebordet og verkstaden i bygda Blomstermåla i Sverige i meir enn eit år.

Det ferdige orgelet blir, som lenge planlagt, ordentleg feira med ei orgelfestveke.

Den byrjar med innviingsgudstene neste søndag 26. mars. Kantor Jan Overweg gler seg til å ta i bruk instrumentet med ei høgtideleg markering denne dagen.

Måndag 27. mars vert det innviingskonsert ved domkantor i Bergen, Sigurd Melvær Øgaard.

Tysdag 28. mars blir det salmekveld i kyrkja, både Fitjar kammerkor, Osternes mannskor og Fitjar kyrkjekor tek del. For anledningen har dei øvd inn eitt felles korverk frå Magnificat av John Rutter. Solist vert Ranveig Hagen Leseth.

Onsdag 29. mars er det kulturskulen som har konsert og Fitjar

skulekorps tek del. Der får også orgelet ei rolle.

Torsdag 30. mars er det lunsjkonser i kyrkja.

Sjå elles programmet for jubileumsåret - det er mykje å glede seg til!

## BASAR

Osternes bedehus  
18. mars kl. 19.00

Andakt ved Håkon C. Hartvedt

**Velkommen!**

Osternes Indremisjon  
Kvinneforening



# Program for bedehusa

## FITJAR BEDEHUS

- |            |       |                        |
|------------|-------|------------------------|
| 26.02.     | 19.30 | Søndagsmøte            |
| 05.03.     | 19.30 | Søndagsmøte m/forbøn   |
| 08.-12.03. |       | Møteveke               |
| 13.03.     | 19.00 | Årsmøte Radio Fitjar   |
| 15.03.     | 18.00 | Basar Normisjon        |
| 19.03.     | 19.30 | Søndagsmøte            |
| 01.04.     | 15.00 | Basar Jenteforeningen  |
| 02.04.     | 17.00 | Storsamling m/nattverd |
| 09.04.     | 19.30 | Søndagsmøte            |
| 13.04.     | 19.30 | Nattverds møte         |
| 16.04.     | 19.30 | Søndagsmøte m/forbøn   |
| 20.-23.04. |       | Møteveke               |

Sjå også [www.fitjar-bedehus.no](http://www.fitjar-bedehus.no)

## Besøk?

I Fitjar sokn er det Diakoninemnda som har ansvaret for kyrkjelyden si besøksteneste. Dei fleste av besøksvenane er friviljuge medarbeidarar som brukar av si eige fridtid til ei veldig viktig teneste. Dei har teieplikt på lik linje med prestane. Ønskjer du deg ein besøksven som kan koma på besøk til deg?

Da kan du ta kontakt med kyrkjelydsprest,  
Fridleif Lydersen på 471 76 743.



## Helgatun 31. mars -2. april

Bli med på kyrkjelydstur til Myrkdalen. Det blir enkelt program, noko for kropp og for tru, tid til leik og til å få nye venner.

### Påmelding innan 1. mars

til kyrkjekontoret eller Olav Johannes Oma.  
[kirkja@fitjar.kommune.no](mailto:kirkja@fitjar.kommune.no) eller [olom@fitjar.kommune.no](mailto:olom@fitjar.kommune.no)

### Prisar for 2 døger:

Vaksne kr 1 250,-  
Born 3 - 7 år, kr 595,-  
Born 8-15 år, kr 850,-

De må då ha med eige sengetøy.

## OSTERNES BEDEHUS

- |            |       |                        |
|------------|-------|------------------------|
| 22.02.     | 19.30 | Møte Muslimmisjonen    |
| 24.02.     | 19.30 | Bedehusbasar           |
| 12.03.     | 19.30 | Songkveld              |
| 18.03.     | 19.00 | Basar (jenteforeninga) |
| 29.03.     | 20.00 | Møte NLM               |
| 30.-31.03. | 19.30 | Møte NLM               |
| 21.04.     |       | Vyborgkveld            |

## STRANDA BEDEHUS

- |        |       |                              |
|--------|-------|------------------------------|
| 24.02. | 18.00 | Bedehusbasar                 |
| 23.03. | 19.30 | IMS v/Kåre Johan Hamre       |
| 29.03. | 19.30 | Muslimmisjonen Gudleik Himle |



## Temakveldar i Fitjar kyrkje 2017

	<b>26.januar kl. 19.30</b> Konsert med Osternes mannskor "Då David slo harpa" - religiøse folketonar frå Vestlandet		<b>28.sept. kl. 19.30</b> Geir Gundersen "Om å bera symptomata sine med verdigheit"
	<b>23. februar kl. 19.30</b> Egil Svartdal "Reisen hjem"		<b>13.oktober kl. 21.00</b> Konsert med Skruk
	<b>27.april kl. 19.30</b> Sylfest Lomheim Kyrkjespråk. Høgtid eller kværdag?		<b>26.oktober kl. 19.30</b> Johanne Ø., Tvedten, Ole Jørgen Furdal og Fred Ola Bjørnstad "Misjonsliv"
	<b>10.august kl. 19.30</b> Konsert med Sigrid Moldestad Fitjarfestivalen i samarbeid med temakveldgruppa		<b>30.november kl. 19.30</b> Ingvard Wilhelmsen, Rhoda Achieng og Irene Simonsen "Vi står sterkest når vi står alene. Om nåde og selvbiilde"
	<b>31.august kl. 19.30</b> Oskar Stein Bjørlykke "Stjerneskot og minneglimt"		arr.: temakveldgruppa/ soknerådet

**EL-PROFFEN**

[www.los-elektro.no](http://www.los-elektro.no)  
**firmapost@los-elektro.no**  
**53 42 21 00**

**GSE SANDVIK AS**

**55 60 18 20**

Velkommen til ein triveleg handel på Fitjar  
  
**EURONICS**  
**fagmøbler**

lyd og bilde - telefoni - kvitevarer - møbler - gaveartikler mm.  
**53 49 73 07**  
**53 49 73 09**  
[www.rydland.as](http://www.rydland.as)  
**post@rydland.as**

**Duo**

No kan du bestille time på nett:  
[www.leditime.no](http://www.leditime.no)

**OPNINGSTIDER:**

Man-tys-fre: ..... 9-16  
 Ons-tor: ..... 9-18  
 Laurdag: ..... 10-14

**Tlf. 53 49 79 72**

**AARBØ & KORSVIK  
FORSKALING**

**TLF:**  
**916 46 123**

**SJÖTROLL**

Sjøtroll Havbruk AS  
 Vestbøstad - 5419 Fitjar  
**919 11 800**



Mobilnr:  
**975 02381**

**PORT  
STEINGARD**

Port Steingard AS  
 v/Johs Sandvik  
 Postboks 11, 5418 FITJAR  
 Telefon 916 67961



Fitjar  
 Bygdekinnelag



Tlf.: 53 45 89 70 - Fax.: 53 45 89 80  
**Internett: www.mestervindu.no**

**Din Catering leverandør**

Telefon:  
**41 42 80 38 (Randi)**  
 E-post:  
**fitjarcamping@haugnett.no**

**FITJAR  
SJØ OG CAMPING**

**joker**  
 – Rydland **53 49 74 40**



**OPNINGSTIDER**  
 Män,tirs,fre..... 9-16  
 Ons,tors..... 9-18  
 Laur (kun drop-in).. 10-13

*Fiks  
hos oss!*

Treff oss i 2. etg.  
 i Larsen bygget

For timebestilling ring:  
**53 49 78 90**

**GRØNAVIKJO UTVIKLING AS**

Vestbøstad - 5419 Fitjar

**90 12 02 81****Vesthaugane**

[www.vesthaugane.no](http://www.vesthaugane.no)  
 Telefon: 53 49 74 34 - 91 82 41 58



**Engesund**  
**Fiskeoppdrett**

Visningsenter

Mobilnr: 951 89950

**Fitjar Posten**

E-POST: tips@fitjarposten.no - MOB: 481 51 491

[www.fitjarposten.no](http://www.fitjarposten.no)**Husflidskrona****Tlf: 53 49 79 60**



53 45 72 00

\*  
53457220  
(fax)

**Fitjar Mekaniske Verksted AS**

**SPAR**



**Hatlevik Rør AS**

Tlf: 53 49 93 15



**Engevik &  
Tislevoll a.s**

Byggmester og Entreprenørfirma  
Tlf. 53457300. Fax. 53457310



**Aarskog  
Elektro**

AUT. ELEKTROENTREPENOR - 5419 FITJAR  
TLF. 53 49 71 00 - MOB. 40 40 41 45



**AUTO  
SERVICE AS**

Tlf. 53 49 71 21

Godkjend bilverkstad EØS-kontroller



**SparebankenVest**  
-satsar på Vestlandet

**Avd. Fitjar – Tlf. 0555**



**Syng med oss !**

**OSTERNES MANNSKOR**



Årskog, 5419 Fitjar 944 30 500 <http://www.fitjarbaat.no/>



**KVERNENES  
BÅTBYGGERI**

Kvernernes Båtbyggeri AS, Kalvsteid 27, 5419 Fitjar  
Telefon: 53 49 90 90, baatbygg@kvernenesbaat.no



Sko – Gåver – Leiker

Kom: Norsk Tipping  
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61

**Videoen  
Kiosk**



Vågen's kro  
og catering

48 04 19 09

**REMA 1000**  
bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50



Fitjarsjøen 24, NO-5419 Fitjar - Tel: +47 46 91 72 70  
E-mail: post@heimli.com - Web: www.heimlispdesign.com

**Galleri  
Flora as**

Åpningstider:  
Måndag - onsdag ..... 09.00 - 16.30  
Torsdag - fredag ..... 09.00 - 18.00  
Laurdag ..... 09.00 - 15.00

Midi i Larsenbygget, Fitjar sentrum  
Tlf. 53 49 95 00

**Blomster - Gaver - Gravminner**



# Slekters gang

## Døypte:

01.01. Hilma Jæger Thorland

22.01. Thelma Gravdal

29.01. Natalie Hatlevik Vold

12.02. Jonathan Tislavoll

## Jordfeste:

Helge Hovstad

f: 01.01.1946 d: 03.12.2016

Anna Rydland Nesbø

f: 24.01.1920 d: 29.12.2016

Sigrid Brekke

f: 12.01.1923 d: 30.12.2016

Nils M Rydland

f: 05.10.1939 d: 02.01.2017

Størk Sørfonn

f: 20.10.1919 d: 31.01.2017


Borghild Klara Taranger Rimmereide

f: 23.07.1932 d: 06.02.2017

## Jubileumsboka

Kan kjøpast hos Thea Træet

Pris: kr 400,-



## Gudstenesteliste

Søn. 26.02. 11:00 Fastelavn. Gudsteneste v/Fridleif Lydersen. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeid

Tor. 02.03 19:30 Kveldsbøn

Søn. 05.03. 11:00 1. sif. Gudsteneste v/Fridleif Lydersen. Takkoffer: Stiftelsen Korsvei

Søn. 12.03. 11:00 2. sif Familiegudsteneste v/Olav Johannes Oma med Tårnagentar  
Takkoffer:Søndagsskolen Karmsund krins

Søn. 19.03. 11:00 3. sif Fitjar kyrkje Hovedgudsteneste Kyrkjelydsarbeid Olav Johannes Oma

Søn. 26.03. 11:00 Maria bodskapsdag. Festgudsteneste m/orgelvigsling v/Fridleif Lydersen,  
Olav Johannes Oma. Takkoffer: Orgelprosjektet.

Kyrkjelydsfest etter gudstenesta på bedehuset, open for alle.

Orgelveke 26. - 30.mars, sjå oppslag

Tor. 30.03. 1930 Kveldsbøn

Søn. 02.04. 0930 Gudstenesta er på Helgatun i Myrkdalen

Tor. 06.04. Jubileumsutstilling og foredrag

Søn. 09.04. 11:00 Palmesøndag. Gudsteneste v/Olav Johannes Oma. Takkoffer: Kyrkjelydsprest

Tor. 13.04. 11:00 Skjærtorsdag. Gudsteneste v/Olav Johannes Oma. Takkoffer: Kirkens SOS

18:00 Øvrebygda. Kveldsgudsteneste v/Olav J. Oma. Takkoffer: Øvrebygda bedehus

Fre. 14.04. 11:00 Langfredag. Gudsteneste v/Fridleif Lydersen

Søn. 16.04. 11:00 Påskedag. Festgudsteneste v/Fridleif Lydersen og Olav Johannes Oma.  
Takkoffer: Det Norske Misjonsselskap.

Mån. 17.04. 11:00 2. påskedag. Dåfjorden. Gudsteneste på slippen v/Olav Johannes Oma.  
Takkoffer: Dåfjord bedehus.

Søn. 23.04. 11:00 2.sip. Familiegudsteneste, Barnas påskefest m/Barnegospel og Fridleif Lydersen.  
Takkoffer: Barnegospel.

sif = søndag i faste - sip = søndag i påsketida